

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 4/2018, 19.04.2018

"Kunnskap for framtida" www.hivolda.no

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no

VIKTIGE FRISTAR 15. MAI: PENSUMLISTER, PRAKTISK INFORMASJON OG ROMBEHOV

Den 15. mai er det frist for fagmiljøa å levere pensumlister til studia som tek til hausten 2018. Det er viktig å vere tidleg ute med pensumlister slik at bokhandlarar får fram bøkene før studiestart og studentar kan planlegge bokkjøp og lesing gjennom sommaren og før studiestart. 15. mai er det også frist for å legge inn praktisk informasjon for alle emne for haustsemesteret. Det aller viktigaste er kanskje informasjon om kva rom fadderane skal ta med dei nye studentane på opningsdagen. 15. mai er også frist for å melde om rombehov for hausten 2018.

Alle emne hausten 2018: <https://www.hivolda.no/emner/2018>

SAMORDNA OPPTAK 2018: 100 FLEIRE VIL STUDERE VED HØGSKULEN I VOLDA

Det samla talet på søkjarar frå Samordna opptak som har Høgskulen i Volda som førsteval har auka med nesten åtte prosent frå i fjor: 1.367 nye søkjarar ynskjer å starte på ei utdanning i Volda til hausten, ca 100 fleire enn i 2017. Tala for heile landet var ein auke på ca 5 prosent.

Les meir om søkjaratala: <https://www.hivolda.no/hivolda/svaert-god-soking-til-hogskulen-volda>

Les også omtale av søkjartala i rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr/2018/04/19/samordna-opptak-2018-gode-tal-for-hogskulen-i-volda/>

SAMORDNA OPPTAK 2018: AUKE PÅ LÆRARUTDANNINGANE

Det er auke i søkjartala på begge dei to Grunnskulelærerutdanninga (GLU). Til saman har det søkt 166 på dei to GLU-utdanningane, mot 134 året før. Det var også auke i søkjartala på barnehagelærerutdanning (BLU). Les også rapport frå seminar om lærarutdanning 13.

mars: <https://www.hivolda.no/hivolda/aukande-interesse-laerarutdanning>

SAMORDNA OPPTAK 2018: ALLE MEDIEUTDANNINGANE I VOLDA AUKA SØKJARTALA

Alle medieutdanningane i Volda fekk fleire søkjarar i 2018 samanlikna med året før. For journalistutdanning var det berre Volda og Stavanger som auka søkjartala.

Les omtale i Journalisten: <https://journalisten.no/universitetet-i-stavanger-hivolda-utdanning/flere-vil-studere-mediefag/318580>

SAMORDNA OPPTAK 2018: STERK AUKE I MØRE OG ROMSDAL

Alle dei tre institusjonane for høgare utdanning i Møre og Romsdal har ein sterk auke i søkjartala. Aller mest auka søkjartala ved Høgskolen i Molde med heile 17 prosent. Ved NTNU vert det rapportert om ein auke på 12 prosent og ved Høgskulen i Volda ein auke på 8 prosent.

Les meir i Sunnmørsposten: <http://www.smp.no/nyheter/2018/04/19/Flere-s%C3%B8ker-seg-til-%C3%85lesund-og-Volda-16514833.ece>

Les meir NRK Møre og Romsdal: <https://www.nrk.no/mr/utdanning-more-og-romsdal-1.13608517>

SAMORDNA OPPTAK 2018: AUKE OGSÅ I SOGNDAL

Høgskulen på Vestlandet (HVL) har ein auke i søkjartala på 2 prosent og utdanningane i Sogndal rapporterer om ein liten vekst. Sjukepleieutdanninga i Førde er blant dei mest populære studia på HVL.

Les meir i NRK Sogn og Fjordane: <https://www.nrk.no/sognogfjordane/sjukepleiarutdanninga-i-forde-mest-populaer-1.14014288>

HØGSKULESTYRET: STYREMØTE TORSDAG 26. APRIL

Høgskulestyret har møte torsdag 26. april i Kaarstad 104. Møtet er ope for alle og blir strøyma på video. Du finn lenke på våre nettsider litt før møtet tek til. Blant sakene som står på dagsorden er oppfølging av Studiebarometeret for 2017, revisjon av kvalitetssystemet, avgiftsparkering på høgskuleområdet og samanslåing av Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal og Stiftinga Sunnmøre Museum.

Sakspapira til møtet finn du

her: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/250725>

MØTE MED STORTINGSPOLITIKARAR

Høgskulen møtte 12. april delar av Mørebenken på Stortinget. Frå høgskulen deltok rektor Johann Roppen, direktør Karen Lomeland Jacobsen og dekan på Avdeling for mediefag Audhild G. Rotevatn. Tema for møtet var planane for nybygget "Sivert", og representantane for Mørebenken viste positivt interesse for prosjektet. Tidlegare HIÅ/NTNU-rektor Marianne Synnes er vald inn på Stortinget for Høgre i Møre og Romsdal. Ho sit i Utdannings- og forskingskomiteen og kjem til Høgskulen i Volda måndag 23. april.

Mørebenken på Stortinget: <https://stortinget.no/no/Representanter-og-komiteer/Fylkene/More-og-Romsdal/>

Utdannings- og forskingskomiteen: <https://stortinget.no/no/Representanter-og-komiteer/Komiteene/Utdannings--og-forskningskomiteen/>

Marianne Synnes: <https://stortinget.no/no/Representanter-og-komiteer/Representantene/Representantfordeling/Representant/?perid=MS>

DIGITALT PENSUMLISTESYSTEM ER NO TILGJENGELEG

Det digitale pensumlistesystemet Leganto har no vorte prøvd ut og er tilgjengeleg for HVO-tilsette. Innan hausten 2019 skal alle pensumlister over på Leganto. Systemet er kopla opp til biblioteksystemet Oria og vil gjere det lettare å levere rette referansar og å kople til artiklar og bøker som er tilgjengelege i fulltekst i biblioteket. Leganto og Canvas vert også kopla til kvarandre. Sjå også e-post om Leganto sendt frå biblioteksleiar Henriette Hafsaas-Tsakos 20. april.

Nettside for utprøving av Leganto: <https://bibsys-uv.alma.exlibrisgroup.com/leganto/readinglist/searchlists>

Har du spørsmål som gjeld Leganto så tek du kontakt på e-post: leganto@hivolda.no

OPPFØLGJING AV STUDIEBAROMETERET 2017

Alle avdelingar har fått notat frå rektor gjeldande oppfølging av Studiebarometeret for 2017. Notatet inneheld sju punkt som handlar om korleis resultatet frå studentundersøkinga skal følgjast opp og meir generelt korleis styrke studiekvaliteten. Særleg vekt blir lagt på å informere nye studentar hausten 2018 om korleis dei kan medverke til å påverke eigen studiekvalitet gjennom fagutval og evalueringar, men nye studentar må også få betre informasjon om utdanningsamtalar og utdanningsplanar. Fleire innspel frå allmøtet 5. april har kome med i notatet.

TAKET PÅ HENRIK KAARSTAD-HUSET BLIR REPARERT

Dalsfjord Bygg vil fram til juni arbeide med reparasjonar av taket på Henrik Kaarstad-huset. Taksteinen blir teken ned, undertaket reparert og deretter kjem skiferhellene på plass igjen. Arbeidet er kostnadsrekna til kr 6 millionar. Arbeidet skal ikkje vere til plage under eksamenar.

MEININGAR: "SKLITAKLING FRÅ STORTINGSFLEIRTALET?" Kronikk av dekan Aud Folkestad

Estetiske fag. Fleirtalet i Stortinget vil altså at vi skal ha 180 studiepoeng i dei praktiske og estetiske faga. Korleis kan dette gjere desse lærarane til dei dårlegast utdanna lærarane i skulen, spør dekan ved

Høgskulen i Volda, Aud Folkestad.

Les kronikken i nettavisa Khrono: <https://khrono.no/volda-folkestad-kunst/sklitakling-fra-stortingsfleirtalet/218245>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR

- 26.04.2018: Styremøte 3/2018, HVO.
- 14.05.2018: Etatstyringsmøte med Kunnskapsdepartementet om utviklingsavtale for HVO for 2019-2021.
- 01.6. HVO får Besøk frå KIF-komiteen (Komite for kjønnsbalanse og mangfold) i UHR <http://kifinfo.no/nb/content/komite-kjonnbalanse-og-mangfold-i-forskning-kif>
- 07.6. Styremøte 4/2018
- 13.6. Sommaravslutning for alle tilsette i kantina
- 14.6. Strategisk studienemnd
- 21.-22.06.2018: Fjordkonferansen. NTNU Ålesund. <https://www.hivolda.no/kategori/forskning-og-utvikling/fjordkonferansen-2018>

Hausten 2018

- 14.8. Semesteropning for studieåret 2018-2019
- 13.9. Styremøte 5/2018
- 22.-23.10. Styreseminar - styremøte 6/2018
- 24.10. Kultur- og folkehelseutval i Møre og Romsdal held møte på HVO
- 6.12. Styremøte 7/2018

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media: https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Våre ledige stillingar blir lyst på nettsida nedanfor - der er det også høve til å få e-postvarsling når det blir lyst ut nye stillingar hos oss.

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

NYTT FRÅ PERSONALKONTORET

Ny personalsjef:

Randi Urke er tilsatt som ny Personalsjef ved Høgskulen frå 01.08.2018. Randi er 56 år og kjem frå stillinga som HR Manager i Ulstein Design & Solutions. Ho er utdanna lærar frå Høgskulen i Volda, og jobba fleire år i skuleverket som lærar, undervisningsinspektør og rektor før ho gjekk over i HR Manager stillinga i UDS.

Nytilsette:

Liv Astrid Skåre Langnes er tilsett som høgskulelærar ved AHL.
Camilla Elin Humberset er tilsett som seniorkonsulent ved ASH.

Desse har slutta ved Høgskulen i Volda:

Linda Berit Eikrem, Rune Arvid Rustestuen Aarhus, Nina Cathrin Garshol, Terese Hole.



DEI SISTE INNLEGGÅ PÅ REKTORBLOGGEN:

[Samordna opptak 2018: Gode tal for Høgskulen i Volda](#) (19. april 2018)

[Langtidsplan for norsk forskning – på norsk?](#) (21. mars 2018)

[Opningshelsing: Korleis sikre rekruttering til lærarutdanning?](#) (13. mars 2018)

[Helsing til doktorand Gunhild Ring Olsen](#) (13. mars 2018)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>